



Arkivnr: 2015/6561-1  
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		18.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

## Høyring om endring i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring

### Samandrag

Utdanningsdirektoratet har gjort framlegg om endringar i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring. Dei tilrådde endringane vil eventuelt tre i kraft frå 1.8.2016. Endringane inneber å fjerne matematikk 2T frå matematikktilbodet på studieførebuande utdanningsprogram. Utdanningsdirektoratet høyrer også om matematikk 2T-Y på Vg3 påbygging til generell studiekompetanse i så fall bør fjernast.

Høyringsfristen er 20. august 2015. Høyringsuttalen blir gitt innanfor fristen med atterhald om politisk vedtak.

### Forslag til innstilling

1	Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet i vidaregåande opplæring.
2	Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 26.06.2015

## Høyring om endring av fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring

### 1) Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet har gjort framlegg om endringar i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring. Dei tilrårde endringane vil eventuelt tre i kraft frå 01.08.2016. Endringane inneber å fjerne matematikk 2T frå matematikktilbodet på studieførebuande utdanningsprogram. Utdanningsdirektoratet høyrer også om matematikk 2T-Y på Vg3 påbygging til generell studiekompetanse i så fall bør fjernast.

Høyringsfristen er 20. august 2015. Høyringsuttalen blir gitt innanfor fristen med atterhald om politisk vedtak.

Elektronisk lenke til høyringa: <http://www.udir.no/Regelverk/Horinger/Saker-ute-pa-horing/Horing---avvikling-av-matematikk-2T-i-videregaende-opplaring/>

Fagutval for realfag i Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til høyringa og støttar vurderingane i uttalen.

### 2) Matematikk på studieførebuande utdanningsprogram

Matematikk 2T er eit fellesfag som elevar på studieførebuande kan velje på Vg2 om dei har valt matematikk 1T på Vg1. Elevane må velje eitt av fire fag på Vg2: Matematikk 2P eller 2T, eller programfag S1 eller R1.

Grunngjevinga for å fjerne matematikk 2T frå fagtilbodet er at det har vore ein sterk nedgang i elevtalet. Tabellen under illustrerer utviklinga i tal elevar som tek matematikk 2T på nasjonalt nivå og i Hordaland. På begge nivåa ser vi at det dei siste fem åra har vore ein kraftig nedgang i tal elevar som vel dette faget. Nasjonalt var det berre ein elev som hadde faget i skuleåret 2014/15.

#### Nasjonalt:

Skuleår	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal elevar matematikk 2T	169	94	34	6	1

#### Hordaland fylkeskommune:

Skuleår	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal elevar matematikk 2T	27	5	3	1	0

Fylkesrådmannen si vurdering av at det er så få elevar som vel matematikk 2T, er at faget er særskilt krevjande. Med tanke på innhald kan faget samanliknast med programfaget R1, men tilpassa etter lågare timetal. 2T har 84 årstimar, medan R1 har 140 årstimar. Aktuelle elevar som ønskjer ein meir krevjande matematikk i Vg2, vel då heller R1 eller S1 framfor 2T, noko som gjer at elevane også får realfagspoeng. 2T gir heller ikkje høve til å ta høgaste nivå matematikk på Vg3 eller innpass på realfagsstudiar på universitets- og høgskulenivå.

Fylkesrådmannen tilrår difor at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet på studieførebuande utdanningsprogram.

### 3) Matematikk på Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse

Elevar som tek påbygging til generell studiekompetanse, kan i dag velje mellom matematikk 2P-Y eller 2T-Y. Påbyggingsfaget matematikk 2T-Y omfattar heile matematikk 2T og delar av matematikk 1T.

Tabellane under viser utviklinga i tal elevar som vel 2T-Y. Berre eit fåtal av elevane vel 2T-Y på Vg3 påbygg, både nasjonalt og i HFK.

**Nasjonalt:**

Skuleår	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal elevar Vg1 matematikk 1T-Y	1616	1536	1351	1298
Tal elevar Vg3/Vg4 påbygging til generell studiekompetanse Matematikk 2T-Y	136	100	71	68

**Hordaland fylkeskommune**

Skuleår	2011/12	2012/13	2013/14	2014/15
Tal elevar Vg1 matematikk 1T-Y	162	165	139	115
Tal elevar Vg3/Vg4 påbygging til generell studiekompetanse Matematikk 2T-Y	40	22	11	11

Fylkesrådmannen tilrår difor at også 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna.

**4) Overgangsordningar og økonomiske/administrative konsekvensar**

Det vil bli utarbeidd overgangsordningar for elevar og privatistar, slik at dei har høve til å betre sluttvurdering i faget.

Å fjerne matematikk 2T og 2T-Y gir ingen kostnader for skuleeigar, men fører til ei forenkling av det totale fagtilbodet som skuleeigar skal tilby.